

KAPITTEL 1

Klassekampens antihelt

Alf Skjeseth

Journalist og skribent, tidligere tilsett i Klassekampen

Paul Bjerke og eg vart kolleger i 1982, året då vi begge fylte 30 år. Då vart Paul tilsett som kulturjournalist i *Klassekampen*, der eg hadde jobba sidan midt på det baksnakka syttitalet. Før det hadde vi møttest i mylderet av unge revolusjonære på SV-fakultetet på Blindern, men medan eg stakk av til journalistikken snarast råd, fullførte avhopparen frå hovudstadens handelsborgarskap sitt akademiske prosjekt og tok magistergrad i sosiologi. Paul hadde også vore leiar for ml-rørslas studentorganisasjon, Norges Kommunistiske Studentforbund (NKS), så han var ikkje redd for å arbeide.

Dei tidlege åttiåra var *Klassekampens* første glanstid, etter at ein annan sosiolog – Sigurd Allern – overtok som ansvarleg redaktør i 1979 og starta eit strevsamt og planmessig arbeid for å gjera det konkurstrua partiorganet til ei profesjonell og gradvis meir uavhengig avis. Då Paul slutta seg til, hadde *Klassekampen* ein råsterk redaksjonsstab, med eit lønsnivå omvendt proporsjonalt med arbeidspresset og eit noko frynsete rykte frå den sekteriske pionertida på syttitalet. Mange journalistar av beste merke jobba der på same tid.

Talentspeiding var ein viktig del av redaktørjobben, og Sigurd visste kva han gjorde då han henta inn Paul. Den nye medarbeidaren hadde skrive avhandling om film og fjernsyn, han kunne kunsten å organisere og hadde eit betryggande politisk nivå. Sigurd la frå starten som redaktør stor vekt på å styrke avisas kulturdekning. Det var eit strategisk og

marknadsmessig trekk som vart ført vidare av seinare redaktørar, og har vore avgjerande for *Klassekampens* framgang heilt fram til i dag. Det tok ikkje lang tid før den nye filmskribenten fekk mellomleiaransvar i ein fagleg sterk, men noko ustyrleg kulturredaksjon.

Allerns høgre hand

Krisa i ml-rørsla kom seinare til *Klassekampen* enn til resten av «familien», men midt på åttitalet var det inntil vidare slutt på idyllen. Store delar av staben slutta på stutt tid, i ei blanding av mistru til leiinga i AKP(m-l) og til Sigurd som redaktør, mykje på grunn av ein leiarstil som var i barskaste laget. Men fleire av nøkkelmedarbeidarane heldt fram, og Paul var blant desse. Han vart sett inn som nyheitsredaktør og Sigurds høgre hand, og dette var eit fellesskap som skulle vare i ti års tid.

Hausten 1991 nådde Sigurd og redaksjonen målet om at *Klassekampen* ikkje lenger skulle vera organ for AKP (den klassiske parentesen «m-l») forsvann frå partinamnet under landsmøtet i 1990). Avisa fekk ny og framleis revolusjonær føremålsparagraf og breiare eigargrunnlag, medan AKP heldt fram som hovudeigar med kontrollerande posisjon i styret. Sigurd tok til å gå trøytt av den daglege redaktørjobben og dragkampar med eigarane. Han hadde fleire permisjonar for å skrive pressefaglege bøker, som frampeik mot karrieren som medieforskar. Då fungerte Paul som redaktør og fekk ein tydelegare posisjon som førstestyrmann. Ein tredje hovudperson var styreleiaren Per Even Holmsen. Han representerte AKP i styret og var ein lojal støttespelar for strategien Sigurd og Paul la for utvikling av avisa.

Det såg lyst ut for *Klassekampen* ved inngangen til nittitalet. Ein hadde rista av seg restane av sekterismen frå fortida, avisa femna breiare, og det var politiske lyspunkt å spore. Ytre venstre kunne framleis slå frå seg, som då Erling Folkvord kom på Stortinget for Raud Valallianse i 1993, og i 1994 sa folkefleirtalet nei til medlemskap i EU for andre gong med *Klassekampen* som ein verksam del av nei-fronten. Men i staden for vekst og framgang stagnerte avisa både redaksjonelt og marknadsmessig. Opplaget var framleis altfor lågt til å gje eit trygt økonomisk fundament, og ikkje eingong EU-kampen fekk det til å stige så det monna. Vi

snakkar her om netto opplag på under 10 000, det var under ein tredel av dagens opplagssuksess. Nye konflikhtar av meir og mindre diffus karakter tappa redaksjonen for energi, medan den meir uavhengige posisjonen førte til aukande spenningar med hovudeigaren AKP, som meinte at *Klassekampen* hadde mista mykje av sin politiske brodd.

Alles mann

I denne urolege sjøen var våren 1995 ei kritisk tid. Det heiderskrona trykkeriet Duplotrykk gjekk konkurs, og i mai døde den omtykte Per Even Holmsen av kreft. Styrets nestleiar Aksel Nærstad hadde i praksis tatt over frå seinhausten 1994, og han vart ny styreleiar. Samstundes sa Sigurd Allern opp jobben som redaktør, i ein fase med stor intern uro og høgt konfliktnivå med AKP-leinga. Likevel var det ikkje tvil om kven som skulle ta over.

Eit samrøystes styre peika på Paul, og det var semje om at det ikkje var naudsynt å utlyse redaktørjobben. «Eg var vel ‘alles mann’ nett då», sa Paul seinare. Både eigarane og dei tilsette meinte det var naturleg at han skulle rykke opp. Dette skjedde etter at han hadde jobba i 13 år i redaksjonen under tøffe kår på fleire plan, så han var framleis ikkje redd for å ta i eit tak.

Vel to år seinare, i midten av september 1997, vart Paul Bjerke avsett som redaktør av AKP-fleirtalet i styret etter ein av dei mest opprivande konflikhtar mellom eigarar og tilsette i norske mediebedrifter i nyare tid. Aksel Nærstad vart avsett som styreleiar på generalforsamling alt i juni. Sidan striden hadde brukbar kjendisfaktor og media elska å hakke laus på det som var att av AKP, gjekk prosessen føre seg med ei formidabel pressedekning. «Ei lita avis eigd av eit ørlite parti. Det var ei medieinteresse som var heilt absurd», sa Paul då det heile hadde komme på avstand.

Etter EU-kampåret 1994 sank opplaget, og i 1996 var det under 8000. Det var krise. Både eigarane, styret og redaksjonen var samde om at noko måtte gjerast, men usemja var stor om vegen å gå. Aksel Nærstad produserte fleire strategidokument, og han og Paul meinte det var avgjerande å breie ut avisa for å realisere eit potensial som var langt større enn opplaget avisa hadde. Dei frykta at AKP ville møte krise med økonomiske nedskjeringar, som kunne føre avisa inn i ein nedgåande spiral.

Frykta var ikkje grunnlaus, for mange i AKP meinte at alt strevet for å halde *Klassekampen* gåande kosta meir enn det smakte. Den aktivistiske dugnadsinnsatsen for verving og sal av avisa hadde nesten tørka inn. Det var aukande misnøye med den politiske kursen, først under Sigurd og deretter under Paul, og skuldingar om intellektuelt åndssnobberi. Landsmøtet våren 1995 kritiserte redaksjonen for å dekke utspel og standpunkt frå den revolusjonære rørsle dårlegare enn andre delar av venstresida, som det heitte i ei fråsegn om avisa. Her var vi ved stridens kjerne. *Klassekampens* dekning av stortingsvalkampen i 1997 fekk for eksempel mykje av skulda for at RV og Erling Folkvord mista stortingsplassen i Oslo med knapp margin, det var eit smerteleg nederlag som skjerpa misstemninga.

Paul var utan tvil godt kvalifisert til å ta over redaktørjobben etter Sigurd. Ein sit ikkje ti år som nyheitssjef i ei ressurs svak avis som *Klassekampen* utan å meistre avisfaget og å ha grunnleggjande forståing av *Klassekampens* særeigne posisjon. Paul hadde dessutan ord på seg som redaksjonens skarpaste analytikar og kommentator. Men også internt i redaksjonen hadde det vore strid om Sigurd som redaktør, og Paul var så nært knytt til Sigurds leiarskap at dette også råka han då han tok over.

Derfor var det krefter i redaksjonen som jobba for å finne ein frontfigur som dei meinte var meir eigna til å styre skuta gjennom stormen avisa var i, men då AKP hausten 1997 nytta eigarmakta til å gje han sparken som følge av manglande tillit, gjekk nesten heile redaksjonen i kringvern for Paul. Han vart sjølv symbolet på ein kamp mot partistyring og det som vart opplevd som alvorleg maktmisbruk. Redaksjonsklubben slo fast at mistillit frå styret mot Paul ville bli oppfatta som eit åtak på Redaktørplakaten og avisas redaksjonelle fridom. *Klassekampen* fungerte i nokre hektiske haustveker som kampanjeorgan mot sin eigen eigar, på ein måte som truleg er eineståande.

Mumle, mumle

Journalist Lajla Ellingsen gav følgjande skildring av stemninga i redaksjonen i eit minneverdig portrettintervju med Paul, få dagar etter at styret hadde gjeve han skriftleg oppseiing:

De hadde sparket Paul Bjerke som redaktør i Klassekampen. Det lille håpet sprakk. Vi la oss over bordene og gråt. Over at de var villige til å ofre Klassekampen. Over at de var villige til å ofre Paul Bjerke. Mannen vi hadde stilt oss bak. Som visste, slik redaksjonen visste det, at nå hadde de gått for langt. Men ingen hadde forestilt seg dette. Ingen hadde forestilt seg at man skulle ligge over et kantinebord og gråte over denne lurvete mannen vi aldri egentlig har kjent. Denne småsjenerte, vimsete redaktøren som under prosessen virkelig hadde gitt ny mening til ordet antihelt.

Intervjuet har overskrifta «Mumle, mumle», og Paul vedgår i teksten at han kunne vera «noe i overkant asosial». Han hadde ein introvert vere-måte, og skilte seg som leiartype frå karismatiske redaktørar som Sigurd Allern, Jon Michelet og Bjørgulv Braanen. Han hadde heller ikkje den autoriteten i AKP-miljøet som Sigurd hadde hatt, og hadde få allierte då han fall i unåde. Han fekk for eksempel den uoffisielle partihøvdin-gen Tron Øgrim imot seg gjennom eit krast åtak trykt på debattplass i *Klassekampen*, og det var like farleg som å komme på kant med styret. Øgrim skal ha brukt grovt skyts overfor styreleiar Aksel Nærstad for å få fjerna Paul som redaktør.

«Paul var ikkje god til å byggje lojalitet rundt seg og var anonym som redaktør samanlikna med Allern. Men det var også mykje buskagitasjon mot han, særleg frå AKP-arane i bedrifta», sa *Klassekampen*-veteranen Roald Helgheim, som slutta på dagen då Paul mista jobben og styret tilsette Jon Michelet som ny redaktør. Paul vart ikkje eingong varsla av styreleiaren, eller av AKP, der han framleis var medlem, før Michelet vart lansert som redaktørkandidat i beste sendetid i NRK.

«Paul vart dytta inn i ein jobb han ikkje skulle hatt. Aksel Nærstad hadde hovudansvaret, fordi han slutta å representere dei som hadde valt han til styreleiar», sa utanriksredaksjonens grand old man, Peter M. Johansen, som sat i redaksjonsleiinga i Pauls redaktørtid. Johansen og fleire andre, som RVs unge leiar Aslak Sira Myhre, meinte at Paul burde trekke seg som redaktør og halde fram i avisa som den framifrå politiske kommentatoren han var. Men polariseringa hadde komme for langt til at det var mogleg å finne minnelege løysingar. «Dette havarerte då AKP tok til å opptre som elefant i ein glasbutikk overfor redaksjonen», sa Myhre.

Medan redaktørstriden raste som verst, var kjenslene så sterke at alle nyansar forsvann. Retorikken var knallhard på begge sider. Ein vanlegvis sindig mann som Paul hevda at AKP ville lage «ei norsk *Pravda*», som var ein påstand det neppe var grunnlag for. Då krutrøyken la seg, var det lett å sjå at striden ikkje var så svart-kvit som den vart framstilt i dei stadige oppropa som verserte for eller mot Paul Bjerke eller Jon Michelet. Engasjement for og imot *Klassekampen* var iallfall ikkje mangelvare.

Politisk innblanding

Men sjølv om meiningane framleis er delte om det som skjedde, og kvifor, sørga AKPs nye styreleiar Rolv Rynning Hanssen under bataljen for at oppseiinga av Paul fekk eit pressehistorisk sus. Det er i seg sjølv ikkje u høyrte at eit avisstyre skiftar ut ein redaktør det ikkje har tillit til, men Rynning Hanssen serverte ei grunngeving som stadfesta at AKP som eigar – eller iallfall Rynning Hanssen som styreleiar – ikkje forstod eller respekterte Redaktørplakatens prinsipp om at den ansvarlege redaktøren har det fulle og heile ansvaret for alt som kjem på trykk.

Rynning Hanssen sende for eiga rekning ut ei skriftleg grunngeving for oppseiinga av Paul, der det heitte: «Redaktøren har dreid dekningen av stortingsvalgkampen i retning av å gi en likeverdig dekning av de ikke-revolusjonære partiene på 'venstresida' og av sentrumsalternativet. På denne måten unnlot redaktøren å utnytte avisas muligheter til å framheve det eneste revolusjonære valgalternativet (RV) for å nå målet om fortsatt stortingsrepresentasjon.» Det er sjeldan å sjå ein styreleiar i ei mediebedrift blande seg så ettertrykkeleg inn i redaktørens ansvarsområde, og Rynning Hanssens brev vekte sterke reaksjonar i delar av styret.

Paul meinte oppseiinga var usakleg og prøvde den for Oslo namsrett. Etter forhandlingar underteikna han midt i oktober ein avtale med AKP-fraksjonen i styret, der det heiter at «styret fastholder sitt syn på *Klassekampens* redaksjonelle linje, men erkjenner at det er tvilsomt om oppsigelsen er saklig begrunnet». Paul aksepterte permisjon med løn fram til 1. september 1998, altså nesten eitt år.

Revolusjonær nok?

«Dette var truleg det beste eg kunne oppnå, men eg har ofte tenkt at det ville vore interessant å prøve oppseiinga i retten. Det er ikkje ofte Oslo tingrett må ta stilling til om ein redaktør er revolusjonær nok», sa Paul seinare.

Paul var og er overtydd om at den dramatiske konflikten mellom eigarar og redaksjon i *Klassekampen* var unødvendig.

«Vi var klar over at avisa ikkje var god nok, og vi sat ikkje stille og såg på. Vi tok grep og jobba med konkrete planar for endringar, som vi ikkje fekk høve til å fullføre. Etter stutt tid førte Jon Michelet den same redaksjonelle hovudlina som eg hadde stått for. Også han fekk erfare at det ikkje lenger var mogleg å drive *Klassekampen* som ei aktivistavis», sa han i ettertid.

Då Bjørgulv Braanen tok over som ansvarleg redaktør i *Klassekampen* i 2002, varte det ikkje lenge før Paul vart henta inn som fast spaltist i avisa han hadde fått sparken frå. Hans «Pauli ord» var fast lesing nesten kvar torsdag i mange år. Her fekk Paul på brei basis utfalde sine analytiske evner, store kunnskapar om politikk, arbeidsliv og mediespørsmål, sitt illusjonslause grunnsyn på makta og kapitalen og sine usentimentale karaktertrekk.

Året etter at han vart sagt opp som redaktør i *Klassekampen*, begynte Paul å jobbe i De Facto, Kunnskapssenter for fagorganiserte. I alle år sidan har han delt tida si mellom De Facto og medieforskning og undervisning ved Høgskulen i Volda. I De Facto har han særleg drive utgreiingsarbeid og forskning om privatisering og omstilling i offentleg sektor, forhold i helse- og sosialsektoren, mediedekning av politikk og arbeidsliv, og i tillegg presseetikk.

Dei 15 åra Paul Bjerke jobba i *Klassekampen*, var på godt og vondt ein skole så hard at det herda han mot livets trivialitetar. Posisjonen som angrande politisk syndar har aldri vore hans greie, og takk for det.

Hovudkjelde er kapittelet «Det store slaget» i boka *Sykle på vatnet, om Klassekampens historie*, av Alf Skjeseth (Samlaget, 2011). Alle direkte sitat er henta frå framstillinga i boka.

